

Til
Sørfjorden hjortevald.

SØKNAD OM EKSTRADYR 2023

Me har også dette året trong for fleire fellingsløyve enn me får på minstearealet (7 stk). I dei 4 føregåande åra er det felt høvesvis 8-10-12-14 dyr. Det er vorte svært dyrt å kjøpa inn før for å erstatte avlingstapet etter hjorten. Det er sannsynlegvis snakk om eit tap på minst 60 rundballar på Teigland. Audestad har også vesentlege tap før håslåtten kan gjerast.

Ved fjorårets tildeling vart det ikkje delt ut ekstradyr, med den begrunnelse at det var så stor auke av løyver i heile kommunen. Vårt jaktfelt, som har hatt stor bruk av ekstradyr før, fekk derimot færre løyver enn før. Når fellinga likevel auka, måtte løyver innhentast på andre måtar, som gjev dårlegare kompensasjon for avlingstapet.

Det er liten hjelp for oss at mange områder på Osterøy no får fleire løyver enn dei nyttar seg av. Audestad/Teigland jaktfelt meiner at kommunen hjå oss må bruka 50% regelen og tildela oss 7 ekstradyr gjennom Sørfjorden hjortevald.

Som tidlegare nemnt, er det særleg bukkar som dominerar her hjå oss.

Helsing Audestad/Teigland jaktfelt
V/Lars Rune Teigland